



# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 8

OKTOBER 1975

24. årgang

## Om mekling i ekteskapskonflikter

Frå tid til annan hender det også i våre grender at heimar kjem på kant med seg sjølv og skakar i sine fundament. Ofte er det i dei unge heimane vanskane melder seg. To som var inderleg glade i kvarandre oppdaga at kveitebrødsdagane ikkje vara så lenge og så kom dei mange kvardagane med «si grå kjeidsemd». Økonomien kan vera veik når ein nystarta skal etablera seg og så blir det kanskje til ein dagleg irritasjon.

Tidt synest det som det er dei små tinga som er årsak. Ho klemmer på tannkrem-tuben øverst. Han forlanger at ho skal klemme nederst. Han har lagt seg for vane å segja alle ting to gonger — når dei argumenterer. Så kan ho segja det i takt med han andre gongen. Dette er no berre døme. — Bagatellane kan vera av tusen slag. Men attom alt dette som synest å vera bagatellar ligg den djupare årsak. Og skal ein ha von om å løysa vanskane — må ektefellene bli klår over nett denne djupare årsak. Det er årsaken som skal handsamast — ikkje symptomane. Men dette treng unge menneske hjelp til å finna ut av. Så lenge vanskane i eit ekteskap er akutte — er dei relativt lette å løyse. Det går å løysa dei når dei er blitt kroniske og — enda om det då er verre.

Det er borna som blir mest skadelidande når mor og far held på å gli bort frå kvarandre. Dei vil alltid verta den veikaste parten. Difor skulle mor og far tenka seg om både vel og lenge før dei vel den utvegen å løysa opp heimen. I dei aller fleste tilfeller så finnst det botingsvon, kor enn vansken måtte ligge. Det sørgelege er berre at dei fleste med ekteskapsvanskar kvier seg for å søka hjelp. Dei synest det heile er så skamfullt. Så blir det utsett dette med å søka hjelp, og det

(Framh. s. 3)

Mer disiplin i vårt kjærlighetsliv skulle minske antalle veneriske sykdommer, forsiktigere tobakksrøking presset på lungeklinikkene, moderasjon i alkoholvaner presset på akutt- og langtidsbehandlingen og mere behersket bilkjøring trykket på de kirurgiske avdelingene. Med større ærlighet i selvangivelsen og større varsomhet i ekteskapet ville det bli færre pasienter med nervøse problemer.

Vi begynner å forstå at det vi kan gjøre på sykehusene på mange av disse områdene er av minimal betydning sammenlignet med den forebyggende virksomhet som er nødt til å vokse fram ute i samfunnet.

Professor Gustav Giertz



## Kommune- politikk om Fjellkyrkja m.v.

Det er mye som talar for at ovanstående bygg blir å finne på Søvasskjølen. La oss seie at det blir reist i 1976. Det er ikkje heller ein urimeleg tanke for noen.

Vi har drive sonderingar for å få kjøpe teikningane til Skirva Fjellkyrkje i Tinn i Telemark, som no er under reising. Det er denne vi gjen-gir bilde av. Kostnadsoverslag 1 mill. Her er kyrkjerom, peisestue, kafeteria, overnattingsplassar. Alt også tilrettelagt for gamle, og vanføre.

Klarer vi det? Det er få som trur. Men det er noen som er realistar og trur det. Det skal vi snart vise.

I kommunevalkampen blei fjellkyrkjesaka diskutert på fleire møter. Det var svært mange misforståingar ute og gjekk. Det som undrar oss er: Les ikkje kommunepolitikarane menighetsbladet? Eller enda meir: Mange av dei som tok sikte på å lede kommunen dei fire komande åra åpenberra mest total kunnskap om korleis ein kristen menighet arbeider og kva den står for! Akk ja! Dette blei visst ikkje noe frieri til dei som sit på pengesekken! Men åpen tale er best i lengda.

Vi møtest ved neste korsveg. Informasjon skal i alle fall dei få som blei innvalt!

## SLEKTERS GANG



## Døpte

- Orkland**
24. 8. Wenke Orkberg  
31. 8. Terje Rye  
Håvard Håndstad
7. 9. Vigdis Øyum  
21. 9. Ola Eikli  
Ann Jorid By  
Kjersti Sølberg

- Orkdal**
24. 8. Tore Gjengstø  
7. 9. Randi Garberg

- Orkanger**
31. 8. Marit Weronica Hansen  
Linda Sivertsen  
28. 9. Line Skarbo  
Bjørn Gunnar Sletvold

- Geitastrand**
7. 9. Snorre Sletvold  
Endre Sletvold  
Eirik Hansen  
Ann Sletvold



## Vigde

- Orkland**
9. 8. Ottar Hope og Kristin  
Sørensen (Vigd i Bergen)
27. 9. Gunnar Svee og Anne  
Kristin Solås

- Orkdal**
29. 8. Svein Oluf Sletvold og  
Gunn Oline Martinsen
13. 9. Kjell Øyasæter og Ingun  
Holsen (vigd i Storetveit k.)

- Orkanger**
6. 9. Borger Strand og  
Brynhild Hoff
27. 9. Sigmund Sterten og  
Synnøve Samdal

## Hvorfor ikke feire dåpsdagen?

Det er en strålende vakker sommer-søndag. I dag har jeg lyst til å ta frem bunaden, gjøre meg riktig fin, og gå på kirkevei. Ikke for det pene været skyld, skjønt det nesten kunne være grunn god nok! Men fordi det er en helt spesiell dag i dag: det er min dåpsdag. Det var den dagen mine unge foreldre bar sin førstefødte til Herrens hus, og da var jeg vel fin? Åja! Jeg hadde den samme dåpskjolen som min mor hadde båret, og som nå hennes oldebarn bærer i tur og orden. Jeg var stivet og hvit og fin. Jeg gråt visst ikke heller! Det var en god dag for dem, og en glad dag, og jeg har til og med et noe falmet bilde (!) som kan fortelle meg for en stor dag det var. Der står alle mine fire besteforeldre, ærværdige som de var, på rekke og rad. Og der mine stolte, unge foreldre! Hvor mange ganger har jeg ikke fått citert en av talerne under middagen hjemme etterpå, som snakket om «hytter og hus med Ingeborge?»

Men så kom jeg vel fra et kristent hjem? Åja, da. Min bestefar døpte meg. Det ble sunget salmer og bedt bønner for meg. Jeg var allerede i et godt hjem. Men det var ikke det viktigste: Den dagen ble jeg medlem av en annen stor familie: den kristne kirke.



## Døde

- Orkland**
7. 9. Olga Signora Andersen f. 1902
- Orkdal**
10. 9. Erling Bye f. 1892
- Orkanger**
31. 8. Arne Martin Asbjørnslett  
18. 9. Johan Solemslökk  
22. 9. Johan Lillemyr
- Geitastrand**
22. 8. Georg Ivar Elshaug f 1943

Men om jeg nå ikke hadde hatt denne kristne bakgrunnen! Ja, ville det da ikke vært enda mere påkrevet at jeg ble tatt inn i den kristne familiesammenheng som en menighet er? Når presten sier: «Kjære kristne!» er vel dåpsbarnet med? Og alle døpte? Vi er da vel Guds barn allesammen, og det for Jesu skyld i hvis navn vi døpes, — også de troløse voksne barna? Kanskje denne prestens hilsen kunne vekke noe til live inne i dem, noe de trodde var død? Eller tror vi ikke på bønnens og kjærlighetens makt? Tror vi ikke på Guds ords makt, — bare på vår egen fromhet?

Nei, fikk jeg forandre kirken, var ikke dåpsritualet det første jeg ville røre ved. Det har alltid vært syndere rundt døpefonten, og vil alltid være det. Men jeg ville forandre noe i de kristnes innstilling til dåpen. Min egen og andres. Hvor mange følger opp etterpå? Hvor mange føler ansvar for det nye lille liv, og spesielt for dem som ikke vokser opp i et kristent miljø? Ber vi for dem? Ikke bare den ene dagen, da vi sitter der og ergrer oss over en tilsynelatende likegyldig holdning hos fadderne og foreldre, men senere? I vårt nabolag, i vår omgangskrets?

Var jeg prest, ville jeg gjøre som «min» prest: besøke hjemmene en stund etter dåpen, selv om han/jeg ikke hadde tid. Som påskudd ta med en trykt dåpshilsen. Etablere en rent menneskelig kontakt, der over stallebordet! Ingen steder er det lettere.

Når jeg i dag går i kirken — riktignok uten bunad, men vel bevisst om hvilken dag i mitt liv dette er — vil jeg gjøre det i takknemlighet over at jeg engang ble døpt til syndenes forlatelse. Jeg vil gi Gud denne dagen tilbake, og tenke over for en gave det er. Og samtidig vil jeg be om forlatelse for hva vi har forsømt som døpte kristne —, ikke bare som kirke, men som enkeltmennesker. Hva jeg har forsømt —.

At jeg så ofte glemmer dåpsdagen, både barnas og min egen, som om ingenting var hendt!! At vi ikke har feiret denne dagen, i hjem og menighet, alle årene oppover. At vi kanskje glemmer å takke for den. Vi tar den som en selvfølge, i likhet med alle andre goder vi har. Men når ble det en selvfølge, at jeg er et Guds barn?

Ingeborg P. Fougner  
(Vår Kirke)

## MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:

Anny Bonde.

Reidar Halgunset.

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:

Sigmund Haugset.

Kasserar:

Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgironr.: 32 68 72.

Takk for gaver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

## Ver klar over —

at annonsa nedanfor ikkje er sett der berre for plassfyll. Legg også merke til artikkelen på første sida om Søvasskjølen fjellkyrkje. Om vi skulle legge ved ein postgiroblankett til dette i bladet, ville det koste om lag 800 kr. Dette synest vi er uklok disponering av pengar. Gå derfor på posten, ta ein gratis postgiroblankett der, og send ein rundeleg sum til saka. La oss få ein skikkeleg haustaksjon!

SØVASSKJØLEN  
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.  
EI KIRKESAK FOR ALLE  
I ORKDAL.

Vi fastslo på første sida at vi var realistar som trudde på ei snarleg løysing av prosjektet. Vi står fast ved det. Men du kan vere med å hjelpe til så ikkje vi dummar oss ut. Det er beint ut sagt galt å vere med på at folk dummar seg ut. Ein skal verne om folk sitt gode rykte, og slette ut det dårlege, meiner Martin Luther i katekisma. Det var den vi kalla for barnelærdom. Og framleis har vi dette luthersk-vedhenget både i kyrkja vi er medlemmer av og den vi skal reise på Kjølen. Så her har vi vasstett alibi.

Vel, vi kjem altså tilbake til saka med solide informasjonar, og det snart. Men vi orka simpelthen ikkje å vente på at pengane strøymde inn. Så takk for rask reaksjon, og for hjelpa!

## Om mekling i ektesk.konflikter

Framh. frå s. 1.

endar med at heimen held på å gå i stykker. Når det så blir spørsmål om skilsmål, så kjem lovverket og krev at ektefellene skal leggja fram attest på at mekling er forsøkt. Mekling kan ein få anten hjå ein prest eller hjå forlikrådet på heimstaden. Nå den vonde situasjonen er komen så langt, er det innlysande for alle at botingsvona ikkje kan vera så stor. Likevel er det mange ekteskap som også er redda ved slike meklingar.

Er vi sjuke, så går vi til lækjar før vi er dødsmerkt. Slik skulle vi gjera det når heimen er sjuk også. Det er inga skam å gå til ein prest t. d. og be om hjelp. Presten er utdanna for å hjelpe også i ein meklingssituasjon. Det gjeld alle sider ved ein ekteskapskonflikt — så ein kan tryggt gå med alle vanskar. Det går an å avtala både tid og stad med presten og alt er gratis — sjølv sagt.

K. R.

## GAVER til bladet

Orkanger

Turid og Knut Munkvold bet. kr. 20.  
Hansine Snildal 10. Kristin og Sverre Olsen 20. Aslaug Rein 10. Ingrid Lillemyr 10. Anne Sporildnes 10. Hansine og Jon Stokkan 10. Karen Svendsen 10. Marta Evjen 10. Randi og Ingv. Danielsen 50. Trygve Melbye 20. Anna og Johan Mathisen 10. Alison Evjen 10. Gerda Reitan 10. K. og O. Våtland 25. Aasta Jønsberg 10. I. og Ø. Wergeland 25. Ester Sivertsen 10. Mary Sneve 10. Hildur Næss 10. Konrad og Oline Sætre 20. Kari Gravråk 20. Sigrun og Olav Gravråk 30. Alfhild Wevik 10. Marit og Arne J. Togstad 10. Margit Breunig 10. Oline Finstad 20. Konstanse Trønsdal 20. Marie Kurås Rønning 10. Beret Heggland 10. M. og A. Martinsen 10. Johs. Rostad 10.

Utenbygds

Brit Skålholt Jensen, (Jordet i T.?) bet. kr. 10. Agnes og Olav Næve, Gåsbakken 20. Andrea Tungen Tr.heim 10. Steinar Fagerholt, Oslo 10. Gunhild Fagerholt, Alta 10.



## VÅR MENIGHET

## KFUM/KFUK

25/26 oktober har KFUK-speidar-kretsen kretsrad på Svorkmo. Helga etter 1/2. november er det kurs for nye speidarledarar for heile Trøndelag her. Det er eit samarbeidsopplegg for både KFUM og KFUK. Vidare planlegg ein kretsleir for Trøndelag KFUK på Svorkmo 24.6 - 30.6. 1976. Det blir venteleg i den vakre og idylliske Solsjøbygda.

## REDD BARNA-aksjonen

Under kommunevalet vart det over heile landet sett igang ein innsamlingsaksjon til REDD BARNA under mottoet — «Etiopia Sulter». Her i Orkdal kom diverre aksjonen for seint igang. Soknepresten fekk tilsendt 21 bøsser på laurdag utan at det fulgte med nokon orientering. Gjennom menighetens tilsette vart det likevel freista å få til ein innsamlingsaksjon i dei større sentra. Enda så improvisert det heile laut bli — så vart resultatet godt. Forretningsbanken åpna og kontrollerte 21 bøsser + 1 improvisert bøsse og 3 bøsser som banken sjølv hadde utlånt. Det kom inn kr. 5.871,20 som banken kvitterte for og vidaresendte. Vi vil takka alle glade gjevarar.

Kaare Rogstad.

Heidi Pedersen, Buvika 10. Åse og John Evjen, Ranheim 15. Anne Haugen, Tr.heim 20. Edv. Trønsdald, Trondheim 20.

Orkdal

Arne Kjøren bet. kr. 10. Marit og Jarle Almli 20. Tora Strøm 10. Tordis Strøm 10. Aslaug og Ole Sognli 10. Magnhild og Ottar Berg 20. Margaret Nødtvedt 20. Sofie Garberg 30. Eldbjørg og Lars Sølberg 20. Asbjørn Meås 10. Eli og Ola Staveli 10. Jon E. Almli 20. Ragna og Mangfred Garberg 20. Bernt Ustmo 10.

Geitastrand

Eldbjørg Almli bet. kr. 10.

Orkland

Jørgine Høston bet. kr. 15. Ottar Svegård 10. Anna Liium 10. Lars Løseth 10. Heggem - Haukås 20.

## Misjonsjubileet på Svorkmo

### Eli Aarsheim:

Ein gong før utreise til Austen ytra vi ønske om å få vere heime til vi fekk høre kyrkjeklokkene ringe jula inn. — Kva for noe?, sa folk i forundring. Vi hadde budd så lenge i eit land der vi ikkje hadde hørt juleklokkene og det som følgte med, at for oss var det djupt og alvorleg meint. Folket i Norge nyt godt av frukta frå eit tre dei ikkje bryr seg om. Eit land utan kyrkjeklokker, er eit land utan slik frukt.

Jesus seier med mynde: Eg er — oppstoda og livet. Ute blant tempel-skuggane er det ingen slik autoritet. I kinesiske gravferdsfølge ber dei mellom anna ei papirbru som symbol på at den døde skal få ei bru og gå over avgrunnen mellom denne og den komande verd. Jesus innbyr med autoritet og kjærleik. Han treng ikkje ei papirbru til å åpne veggen til himmelen. Han er brua.



### Sverre Røvik:

Under besøket på Madagaskar opplevde vi på denne årstida likbrenningsfesten. Vi møtte eit folk som tenkte på og var opptatt av døden. Dei brukte resursane sine på gravene og dei døde. Dette for å vende dei avlidne si gunst mot seg. Døden kasta sin skugge over alt. Bibelordet «eit folk som sit i dødens skuggeland» blei realistisk. «For dei skal eit lys renne opp». Det var også blitt ein realitet for mange. Ved misjonsstasjonen sto det på ei gravstøtte: «De seks fra Wilhelmsen-familien». Det var ein norsk familie som ga livet i tenesta for Guds rike på Madagaskar. Dei var vitner om

den oppstandne. Det er lett å skyve dødstanken frå seg. Men lyset inn i døds og sorgs verd noe anna. Jesus blei døden sin sigermann fordi han rydda bort årsaka til dødskreftene — synda. Det var verkeleg for søskena i Betania da Lasarus kom ut av grava. Det er verkeleg i kyrkja no i dag i og med at Jesus er her. Meisteren er her og kallar. Tru på han. Det var ei afrikansk stamme som hadde mange songar til alle livsens høve. Men dei mangla ein: Songen mot døden. Når vi får ei levande tru på Jesus som Messias — Guds son da blir det også lett å akseptere det som er utruleg.

GA UT  
OG GJER  
ALLE  
FOLKESLAG  
TIL  
LÆRE-  
SVEINAR!



### Eli Aarsheim:

Vi blir klaga på i misjonen fordi vi ikkje driv nok sosial teneste, men bygg for mange kyrkjer og strør om oss med for mange bibelord. Etter 40 år i Austen kan eg seie: Det er heller omvendt, vi driv for mye sosial teneste på kostnad av forkynninga. Det er nemleg lettare å arbeide i sosial teneste. Vi driv da barnehagar, skolar, ungdomssenter for opplæring, eldreomsorg og anna form for sosialhjelp. Men misjonsbodet er også at vi skal «forkynne evangeliet i tide og utide». I Hong Kong bur dei aller rikaste i verda og dei aller fattigaste. Her er mange bygg som rommar opptil 4000 menneske. Og vi har verdas største leiegård med 100.000 innbuarar. Her er det stor kriminalitet i huskorridorane, folk er redde for å sleppe ut barna på gangen.

Kvifor flyktar menneska frå China? Vi kan spørje: Kvifor flyktar folk frå eit paradís — og set livet inn for det? Er det da eit Paradís? Ingen synes synd på ein flyktning i slikt mylder. Ikkje noe menneske har medfødt medlidenhet med noen andre. Mange tar livet sitt i den nød som råder her. Illegale flyktningar skal

sendast tilbake. Det skaper store problem for oss i misjonen. Det er religionsforfølging i China i dag. Da har vi fått mange nok vitnemål om. Det er hjernevask også, mellom anna av heile den oppveksande generasjon. Det heiter at i Mao Tse Tung sitt namn skal alt gjerast. Maoismen er religiøs tilbeding. Ikkje minst står kinesiske prestar og lærarar i ein hard kamp i Hong Kong for å nå ut med evangeliet.

### Sverre Røvik:

Vi har noen å dele arven med. Vi har støtt på tendensar i kristen ungdomssamanheng i vår tid der ein manglar misjonsdimensjonen. En ung politiker erkjente: Det er vanskeleg i dag å tale dei fattige si sak. Vi opplever ei beinhard materialisme. Som kristne har Bibelen gitt oss noe vi skal prioritere fremfor alt: «Å forkynne Kristus der han ennå ikkje er nemnt». Heidningane er medarvingar til dei evangeliske lovnadane om Jesus Kristus. Vegen å gå: Bort frå vår «selybeskuelse» til «beskuelse» av Jesus Kristus.

### Misjonshelga

på Svorkmo blei ein vekkar. Det var stor oppslutning både i kyrkja og på misjonshuset. Det var eit misjonsseminar som vil få mye å seie. Misjonen er ein sentralnerve i ein kristen menighet. Om ikkje så er, blir menigheten utarma. Derfor ligg det store visjonar også for oss sjølve i misjonen.



DEL ORDET MED ANDRE.

### TV-program du bør merke deg!

**Torsdag 9. oktober:**

Kva vil det si å vera ein kristen?

**Torsdag 23. oktober:**

Kva veit vi om Gud?

**Torsdag 6. november:**

Jesus — kven og kvifor?

**Torsdag 20. november:**

Korleis skal vi leva?

**Torsdag 4. desember:**

Den kristne framtidsvona.

### Inspirerende foreiningsbesøk

## Orkdal revmatiske forening

Samlingsplassen er Sjukehuskafeen. Vi kom rett til serveringa. Det var ikkje småtteri: karbonade, vafler m.m. Vi lurar på om det er ein rettelig koseklubb vi er komne inn i. Og det er det. Formann, Marit Fossum, seier at dei forsøker gjere møtesamværa så triveleg som muleg. Medlemene har meir eller mindre eit eller anna handicap. Og foreiningsmøta er til for å skape trivsel og fellesskap ved sida av at ein arbeider på andre områder for å betre forholda for dei som har revmatiske lidningar. Foreininga blei starta for 7 år sidan i heimen til Marit Fossum. Det er 85 medlemmer, og fru Fossum er framleis høgt respektert formann. På møtesamværa møter gjennomsnittleg 20-30 personar. Det blir halde 4 møter for året, m.a. julemøte på Bårdshaug herregård. Elles er det eit særleg godt samarbeid med Sjukehuskafeen.

Det er i ei slik foreining nødvendig med ein del hjelpemedlemmer. Dei får stor ros. Fru Fossum nemner Eva Staff, som er sjef for badinga. «Og veit du kva Marie Ustad gjorde for noen av oss?» seier Marit Fossum begeistra. «Ho tok oss med på

biltur til Selva kro og spanderte laksemiddag på oss. Elles legg vi opp ein tur for foreininga kvart år. I sommar var vi i Oppdal».

Det var dette med besøka på Orkanger bad? Bassenget er til stor hjelp og glede for dei som har revmatiske plager. Her er støttemedlemmene aktive. Og Rotary Club stiller to bilar til disposisjon kvar badedag. Det blir gitt visse trygdeytningar til eit slikt badeopplegg. Men elles er hovudformålet til foreininga å legge dette til rette.

Det som i det heile står i framgrunnen for heile opplegget er å skape livsglede. «Vi var ikkje så mange frå førsten, men det kom raskt til nye medlemmer. Noen er dessverre så dårlege at dei ikkje kan vere med oss, og vi har forlite kontakt med ytterkantane i kommunen. Eigentleg burde det vel ha vore starta ei foreining til for desse siste, sidan vi er blitt så mange. Men kontakt vil vi gjerne ha med alle som kan tenke seg å vere med oss», legg Marit Fossum til. Og vi legg merke til at det er da folk frå utkantane i kommunen med også. Det kunne kanskje vere eit tips for sanitetsforeiningar som leitar etter nytt arbeidsfelt å prøve seg fram med støttearbeid her?

Vi spør om det i foreininga er interesse for Revmatismeavdelinga som blir planlagt på Orkdal Sjukehus? «Det er vi sjølvsagt», seier fleire. «Kanskje mest kan vi vere med å gi gode råd, korleis det skal planleggast for at ein revmatismepasient skal kunne trivast og bevege seg». Og det blir med ettertrykk lagt til: «Trappene i velferdsavdelinga på Sjukehuset er i alle fall ikkje laga for slike som har revmatiske plager».

### Konfirmant-treff

Jubilea for 50-års og 25-års konfirmantane blir i Orkland 12/10, Orkanger 19/10, Geitstrand 26/10 og Orkdal 2/11. Vi gjengir namna på 50-års konfirmantane i dette nr. 25-års konfirmantlista fekk vi ikkje rom for. Men dei også er æra, invitert, og blir tilskrivne. Samlingane i kyrkja og på festsamvær etterpå ved desse jubilea har blitt ein god og verdfull tradisjon. Ein sjølsagt ting er at ektefelle blir med.

### ORKLADAL FELLESLAG:

av N.L. Misjonsamband, virkesplan for høstterminen 1975.

- 30.9. - 5.10. Lomundal Offeruke v. Skjotskift og Høvik.  
7. - 12.10. Monset. Offeruke v. Skjotskift og Høvik.  
14. - 19.10. Meldal. Offeruke v. Skjotskift og Høvik.  
21. - 26.10. Fannrem. Offeruke v. Skjotskift og Høvik.  
28. - 30.10. Geitstrand. Offeruke v. Skjotskift og Høvik.  
31.10 - 2.11. Gjølme. Offeruke v. Skjotskift og Høvik.  
4. - 9.11. Stokkhaugen. Offeruke v. Skjotskift.  
11. - 16.11. Løkken. Offeruke v. Skjotskift.  
18. - 23.11. Krokstadøra, møter. v. Skjotskift.  
25. - 30.11. Børsa. Offeruke v. Skjotskift.  
2. - 7.12. Svorkmo. Offeruke v. Bergkaasa og Skjotskift.  
9. - 13.12. Til disposisjon.  
14.12. Orkanger. Offerkveld. Bergkaasa og Skjotskift.

Det er en stor sak, — det er Guds ord som skal forkynnes for vårt eget folk og til de ymse misjonsmarker.

Velkommen til samværene og forsøk å få med deg noen.

Med hilsen for

Orkladal felleslag av N.L. Misj.samb. Arne Høvik, form. Arnt Gangås, sekr.

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.

Bensin- og servicestasjon.

Velkommen inn.

**Svorkmo  
Handelsamlag**

## Ansvar —Varde

Avholdsfolk bruker sine egne forsikringsselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykel og traktor. Snakk med våre representanter: Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

Mens du går  
dine egne veger,  
venter En på deg.  
Han venter at  
du vender om og  
kommer til Ham,  
for Han elsker deg.  
**DET ER  
JESUS**

Han vil hjelpe deg,  
Han alene kan det  
som den  
sterke Frelser.

**SÅ KOM  
TIL HAM**

MB

## «hvormed Han har gjort fyldest for alle våre synder»

Dette er i sannhet trøsterike ord for en fattig synder som har gått til alters. Ved Herrens bord opplever vi å bli tiltalt som «Kjæreste Kristi venner!» Kan det ikke gå en iling av glede gjennom oss ved å høre denne tiltalen? Så minnes vi at det var nettopp syndere som tok imot Jesu innbyding, og kom slik de var. Slik ble de Jesu Kristi venner. Som benådede syndere kommer også vi til nattverdbordet. Det er ikke fordi vi mener oss å ha noensomhelst kvalifikasjoner, men på Jesu ord. «På ditt ord vil jeg kaste ut garnene», sa Peter. Fordi Jesus har sagt det, fordi Jesus har bedt sine disipler om «å gjøre dette til minne om ham (1. Kor. 11.)», derfor tar vi imot Herrens innbyding til nattverdbordet. Dermed er vi med og forkynner Herrens død, inntil han kommer.



### 140 konfirmantar!

Dei er ønskt velkomne i kyrkjene. Dei har konfirmantåret sitt frå no av. Konfirmasjonen blir i mai. Kva vil dette året ha å seie for dei? Vil dei blir mottatt i menigheten? Vil dei bli omringa med bøn og omsorg? Vil dei møte praktiske tiltak som skaper miljø og fellesskap? Vil foreldra også vere med å dele gudstenestefellesskap? Vil konfirmantane bli i kyrkja, vil dei knele ved nattverdbordet, vil dei vedkjenne seg kristen tru i teneste?

Ovanfor presenterer vi ei av dei som no har sitt konfirmantår, Inger Johanne Ofstad. Med henne er alle 140 overlatt til menigheten si omsorg.

religiøse uttrykk som hvermann kunne forstå. Det var målet, og slik så resultatet ut:

Jesus lever, graven brast, han stod opp med guddoms velde: nu mitt håp står evig fast, tvil og frykt skal det ei felle. Lynet blinker, jorden bever, graven brast og Jesus lever.

Jeg har vunnet, Jesus vant! Døden oppslukt er til seier! nu jeg vet hans ord er sant, håp om evig liv jeg eier, vei til himlen har jeg funnet, Jesus vant og jeg har vunnet.

Nei!

«Trøsten står som klippen fast, at hans død og blod skal gjelde».  
agn.

## 50-års konfirmantane 75

Konfirmanter i  
Orkanger kirke 11/10 - 1925

Andreas Wormdahl  
Anton Severin Kolstad  
Asbjørn Olav Gangås  
Asmund Vistven  
Bjarne Leonard Kvarsnes  
Edvard Jenssen  
Einar Nikolai Prestmo  
Einar Larsen  
Erling Hoff  
Harald Rømme  
Harald Olaf Haugsand  
Henry Johannes Bonstad  
Ivar Ustad  
Jens Kristian Rømme  
Johan Nærvik  
Johan Hoff  
John Eilif Tretøien  
Magne Kristiansen  
Nils Eggan  
Olav Bakk  
Olav Lindorf Rømmesmo  
Ole Alfred Bakken  
Ole Sigurd Ustad  
Rikart Syversen  
Steinar Larsen  
Torjus Erling Næss  
Oskar Trygve Skinstad

Berit Anna Bakken  
Betzy Bonstad  
Borghild Reidun Larsen  
Dagny Marie Andersen  
Edel Margrethe Jensen  
Elen Oline Solbu  
Elin Røhme  
Elise Karlotte Kjonli  
Hanna Marie Hansen  
Hilda Johanne Sveli  
Hjørdis Olive Melheim  
Ingeborg Oline Ebbesen  
Ingrid Bergljot Aarvik  
Kristine Lorentzen  
Marie Ekli  
Marie Nikoline Løkstad  
Martha Wiggen  
Mary Falch  
Ragna Kristine Størset  
Bergljot Melen

Konfirmantar Orkland kyrkje  
27. september 1925

Andrew Klefsås  
Annar Svorkmo  
Arne Asbøll  
Arnulf Johan Mausest

Einar Svorkmo  
Erik Tallerås  
Georg Johan Olsen  
Gunnar Berbu  
Ingebrigt Svorkmo  
Ignor Jørgen Hval  
Johan Hoston  
John Berbu  
John Olaf Stubban  
John Dalsaune  
Julius Bertrand Moe  
Jørgen Grø  
Leiv Kirkaune  
Marius Pettersen  
Olav Svorkmo  
Olav Fagerli  
Ole Brynjulf Kligen  
Ole Berbu  
Oskar Knutsen  
Aasmund Aamot

Anne Opøien  
Anne Rise  
Berit Anna Kligen  
Elen Oline Berbu  
Elisabet Fagerli  
Else Synnøve Lund  
Erikka Serina Hoston  
Inga Augusta Söderlund  
Ingeborg Smedhaug  
Ingeborg Mari Torleivsen  
Johanne Marie Sinnes  
Johanna Gumdal  
Magna Mosbakk  
Olga Eikkka Olsen  
Olauv Tronvold

Konfirmanter i  
Geitstrand kyrkje 4/10 - 1925

Odd Harry Woldseth  
Alf Edgar Hervik  
Adolf Bratsberg Disch  
Enog Isdal  
Emil Isdal  
Kristian Haugnes  
Jens Reitan  
Asbjørn Sletvold

Borghild Kvernmo  
Hanna Oline Aursjø  
Gurina Ofstad  
Dorte Svorkdal  
Anna Kvernmo  
Marta Husby

Konfirmanter i  
Orkdal kyrkje 4/10 - 1925

Knut Tufllaatt  
Lars A. Meland  
Lars S. Garberg  
Leiv Dørdal  
Magne Johannes Johansen

Marius Arnljot Tronvoll  
Michal Kristian Simonsen  
Odd Jomar Thoresen  
Olav Kvam  
Olaf Robert Olsen  
Olav E. Baksæter  
Olav Hovset  
Olav Sæter  
Ole Ragnar Skjetne  
Ole Larsen  
Ove Kristiansen  
Peder Advending  
Peder Andreas Mælen  
Albert Kjelstad  
Alfred Bernhard Østhus  
Anders Vormli  
Anders Eggen Tufllaatt  
Anton Enok Lovås  
Arne Fagerholt  
Arne Marius Eriksen  
Arne Kjelstad  
Arnt O. Aas  
Brynjulf Kvakland  
Arne M. Mjølhus  
Einar Eide  
Hans Dørdal  
Jarle Chrislock  
Johan Martin Mobek  
John Sundli  
John J. Hollum  
Jørgen L. Digerås  
Sigurd Andreas Solem  
Sigurd Martin Bakken  
Sverre Johan Gjølmesli

Anna Ødegård  
Ane P. Vinterdal  
Anne Oline Kvåle  
Ane Halsteinli  
Astrid Anette Ustad  
Astrid Katrine Øien  
Bergitte Marie Evjen  
Berit Gjønnes  
Elfrida Marie Antoniusen  
Elisabeth Sofie Fossum  
Else Johanne Grønegg  
Erikka Johanne Vormdal  
Ingeborg Viggen  
Ingeborg Mellingsæter  
Ingeborg J. Dørdal  
Johanne Eide  
Karoline Josefine Skjølberg  
Magnhild Andrea Mellingsæter  
Magnhild Johansen  
Margit Pauline Eggen  
Margrete Bakk  
Marie Vangen  
Marie Anette Vuttudal  
Marta Vasli  
Ragna Ingeborg Evjensvoll  
Ragna Trønsdal  
Ragnhild Margrete Evjen  
Marta Lefstad

### ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:  
Gunnar Melås, Kåre Gjønnes,  
Johan Fagerholt, Ane Øyasæter,  
Fannrem bokhandel, Einar  
Bjørndal, Fridtjof Digerås,  
Peder Tronvoll, Borghild Asp-  
hjell, Dagny Korsli, Lars Bonvik.

### ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:  
Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

### ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos:  
Harald Hukkelås.

## Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir  
Skolemateriell

## Orkdal Sparebank

Orkanger . . . kl. 08.00 - 15.00  
Torsdager . . . kl. 08.00 - 18.00  
(Tlf. 80 450)  
Faanrem . . . kl. 08.00 - 14.30  
(Tlf. 82 191)  
Selbekken . . . kl. 09.00 - 14.30  
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer  
stengt.

## SØLVVARER

til  
BARNEDÅP BRYLLUP  
KONFIRMASJON  
Gullsmed

John  
RØHME

7300 Orkanger

## Prostidag med framtidsvyer

Prostidagen for Orkdal prosti 21. 9. i Orkland blei gjennomført med solid oppslutning. Når vi noterer ordet framtidsvyer over dagen, kunne vi sjølv sagt tenke på planlegging av felles innsats for unge og eldre, men det er noe anna vi legg i ordet akkurat no.

Vi tenker på misjonær Inger Jakobsen som snakka om Israel — eit tegn i tida! Israel har noe med Jesu gjenkomst å gjere, så ho. Verda er ikkje ferdig med jødefolket, fordi Gud ikkje er ferdig med det ennå. Radikale røster seier: Vi skal vel få radert Israel ut av kartet. Jødehatet, dette sataniske hodet, stikk fram igjen, både ytst til høgre og ytst til venstre.

Det at Israel kom tilbake til Palestina, åpna augene for deira gamle historie — også for den perioden Jesus var på jord. Vi finn ikkje lenger det forferdelege, forstokka, harde nei til Jesus frå Nasaret. Reint historisk kan dei ikkje kome utanom han. Det er stor interesse for NT. Det ser ut som Israel verkeleg får eit nytt syn på Jesus. Jesus er i ferd med å bli fullt ut akseptert. «La oss hente Jesus heim igjen», «Den største jøden som har levt,» er brukte uttrykk. Men det betyr ikkje at jødane er blitt eit kristent folk. Det er nasjonale tankar som ligg bak.

Men tankar som dette finst også: «Vi må lære å tru som Jesus, men ikkje på Jesus». Vidare har det aldri funnest så mange kristne jødar som no. Misjonsbødet gjeld også jødane. Israel har eit stort framtidshåp. Ikkje berre noen få, men folket skal åpne seg for Messias.

Det har da også noe med vår kristne kvardag i Norge å gjere. Vi skal elske både jøde og arabar. Arabarhat er aldeles ukristeleg. Det står også profetiar i Bibelen om fred og semje i Midt-Austen. Det er m.a. endetidstegn.

Hjertelig takk for all oppmerksomhet ved John Sinnes bortgang. En spesiell takk til søstre og betjening ved Orkdal Aldersheim for god pleie.

Hans etterlatte.

## S Ø N D A G E R K Y R K J E D A G



## GUDSTENER

12/10 20 s. i *trieining*  
Orkland kl. 11. Høgmesse v/spr.  
Rogstad. Nattverd. Konfirmantjubiläum.  
Søberget *bedehus* kl. 11.  
gudst. møte v/ menighetssekretær Solem.  
Orkanger kl. 17. barnegudstjeneste v/res.kap. Eidhamar og menighetssekretær Solem. Utdeling av «Min kirkebok» til 4-åringar.  
19/10 21. s. i *trieining*  
Orkdal kl. 11. Høgmesse v/spr. Rogstad. Offer til misjons-sambandets barnearb. Sambandets kretskor medvirker med sang og vitnesbyrd.  
Orkanger kl. 11. Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Offer til skolelaget Follo. Nattverd. Konfirmantjubiläum.

26/10 *Bots- og Bededag*  
Orkland kl. 11. Høgmesse v/res.kap. Eidhamar. Offer til søndagsskolen.  
Geitastrand kl. 11. Høgmesse v/spr. Rogstad. Konfirmantjubiläum. Offer til Bibelmisjonen. Buss frå Råbygda.  
2/11 *Helgemesse.*  
Orkdal kl. 11. Høgmesse v/spr. Rogstad. Konfirmantjubiläum. Årets konfirmantar i kyrkja. Offer til misjonssambandet.  
Orkland kl. 11. Høgmesse v/res. kap. Eidhamar.  
9/11 24. s. i *trieining*  
Orkdal kl. 11. Høgmesse v/res. kap. Eidhamar. Offer til ungdomsnemndas arbeide. Nattverd.  
Orkanger kl. 11.  
Høgmesse v/ spr. Rogstad.

Før i tiden sto det oppslag om at «Røkning og spyting» var forbudt. Nå er dette med spytingen tatt bort, det er anerkjent som ukultivert og helsemessig forkastelig. Vi må få den samme innstilling til røykingen. Det må bli slutt på at det er sosialt akseptert å røyke. Hvorfor skal røykerne ha anledning til å forurense luften for andre.

Overlege Kjell Bjartveit